

Prosjektskildring  
Eli Storbekken trio  
- turné i Hordaland H2016

**Innleiing:**

Dei siste 3 åra har Eli Storbekken Trio turnert i Norge, Sverige og Irland. Storbekken har vunne Folkelarmprisen for sitt arbeid med utgjeving av Rosekolla; ei samling av arkivopptak frå heile landet med lokkar og lalingar. Repertoaret er dei presenterar på konsertane tek utgangspunkt i dette materialet, men tek så publikum med på ei folkemusikalsk vandring fram til vår tid med meir moderne arrangement.

**Om prosjektet:**

Dei tre musikarane kjem frå Voss, Hornindal i Nordfjord og Tolga i Nord-Østerdalen, og musikken dei spelar er tradisjonsmusikk frå deira trakter. Me har sydd saman eit repertoar beståande av lokkar og lalingar samt nyare folkemusikk og viser. Av erfaring er det ikkje mange justeringane som trengs for å få programmet til å fungere like bra til barnehageborn som for eldre! Mange har vakse opp med songar av Egil Storbekken, far til Eli, og nokre av desse er óg med på programmet. Her er rom for både skjempt og alvor, og dersom det er stemning for det, inviterar me óg gjerne publikum til å lære ein song eller to.

Me ynskjer å legge opp til ein turné der me kombinerar opne kveldskonsertar med ein konsert på dagtid på enten på eit dagsenter for eldre eller ein sjukeheim.

**Om utøvarane:**

(sjå vedlagte CVar for utfyllande info)

Eli Storbekken – vokal (folkesong/kveding)

Eli er frå Tolga i Nord-Østerdalen og har vore aktiv med plateutgjevingar, konsertering og kurshaldar sidan 80-talet. Ho er ein av landets fremste folkesongarar, og tidvis underviser ho óg ved Ole Bull Akademiet på Voss. Med sine mange ulike prosjekt har ho turnert i Europa, Usa og Asia.

Britt Pernille Frøholm – hardingfele/fele

Hornindølen gav i 2008 ut sitt soloalbum *For allje dei*, og har etter det gitt ut kritikarroste album med duoen Frøholm/Tillung, trioen Maar og den skotsk-norske folkemusikkgruppa Boreas. Ho har óg gitt ut album med Friensemplet og Lucky Loop, som bevegar seg i landskapet jazz og fri impro, og fått skrive nye verk til seg av samtidskomponistar.

Irene Tillung – trekkspele

Irene er frå Voss og har turnert i 15 år med grupper som Tindra, Frøholm/Tillung, Maar og Boreas. Med desse har ho óg gitt ut tilsaman 9 album, og ellers hatt sitt virke som arrangør, komponist, teatermusikar og studiomusikar. Ho har vore nominert til Spellamann med trioen Tindra, og har ellers turnert både innlands og utenlands for Rikskonsertene og i eigen regi.